# Nye tilskotsordningar innan kultur og folkehelse

Informasjonsmøte

Vestland fylkeskommune 24. mars 2026

# Bakgrunn - Oppfølging av PS 120/24

**Sidan januar 2025 :**

- 7 politiske saker
- 1 referatsak

**Tema for sakene:**

- Driftstilskot
- Politisk handlingsrom
- Rapportering og kunnskap (data)
- Ny modell for tilskotsordningane

**Mål:** Meir målretta system, betre kunnskapsgrunnlag og auka rom for nye satsingar

Vestland fylkeskommune

# Sak i KULII
# 11.februar – 11.mars

Nye retningslinjer:
Drift 1
Nyskaping 4
Investering 2

Ettersyn 11.02. – 27.02

## Ber om innspel til nye retningslinjer for tilskot til kultur og folkehelse

**Vestland fylkeskommune går frå tretti til sju fylkeskommunale tilskotsordningar innan kultur og folkehelse. No kan du kome med innspel til retningslinjer for dei nye ordningane.**



ØNSKJER ENGASJEMENT: Leiar Jacob Nødseth og resten av hovudutval for kultur, idrett og inkludering ber no kulturlivet engasjere seg og kome med innspel til retningslinjene for dei nye tilskotsordningane på feltet kultur og folkehelse. (Foto: Vestland fylkeskommune)

# Frå femti til fem?
# 30 fylkeskommunale ordningar er blitt 7

Mål: Meir målretta system, betre kunnskapsgrunnlag og auka rom for nye satsingar

Alle tilskotsordningar er samla i tre hovudkategoriar:

- **Drift**
- **Nyskaping**
- **Investering**

Vestland fylkeskommune

# 7 nye tilskotsordningar

- *Driftstilskot til kultur og folkehelse*
- *Livskvalitet og sosial utjamning*
- *Kartlegging og tilrettelegging for friluftsliv*
- *Regionalt kulturfond Vestland*
- *Stipend*
- *Kulturarenaer med regionale funksjonar*
- *Tilskot til nasjonale og internasjonale idrettsarrangement og arenaer*

# Om prosessen

- **Etablere felles struktur** (basert på Rettleiar for Rettleiar for tildeling av tilskot i Vestland fylkeskommune)
  - Retningslinjer
  - søknadsfristar, utlysing
  - skjema
  - Korleis vi handsamar søknadane - saksbehandling
  - rapportering
- **Større ordningar krev nye arbeidsmåtar**
  - Automatisering og kvantitative kriterium.
  - Effektiv saksbehandling vs politisk handlingsrom
  - Unngå «ordning i ordninga»
  - Forenkling og effektivisering ved hjelp av KI

# Forventa effektar

**For søkjarar:**

- Enklare å finne rett ordning
- Færre søknadsfristar

**For saksbehandling:**

- Meir effektiv forvaltning
- Samordning på tvers av fagområde og seksjonar

**For politisk nivå:**

- Styrka handlingsrom
- Enklare å styre ressursar i tråd med planar

Vestland fylkeskommune

# Kva er nytt og kva tar vi med oss vidare?

Ingve Lende, spesialkonsulent kulturutvikling

# Ny inndeling

- Alle tilskotsordningane organisiert i tre kategoriar på tvers av fag
    - drift
    - nyskaping
    - investering



# Ny inngang på nettsida



# Søknadsskjema

- Gammal skjemaløysing blir vidareført i år
  - ikkje perfekt, systemet er lite fleksibelt
  - vil gjerne ha tilbakemelding når ting ikkje fungerer

- Ny nasjonal tilskotsportal er under utvikling
  - ny skjemaløysing frå 2027?



# Rapportering

## Utgåtte tilskotsordningar har fått eiga samleside for rapportering

Startside → Kultur → Tilskot til kultur og folkehelse

### Tilskot til kultur og folkehelse

Tilskotsordningar innan kultur og folkehelse er delte inn i kategoriane drift, nyskaping og investering. Drift er for støtte til løpande drift og aktivitet. Nyskaping er til tidsavgrensa prosjekt, som utviklar eller testar nye idear, tilbod eller samarbeidsmåtar. Prosjekta varer vanlegvis mellom eitt og tre år. Investering gjeld langsiktige investeringar i til dømes bygg og anlegg. Tiltaka skal gje varige verdiar over 5–20 år eller lenger.

- Webinar: Nye tilskotsordningar innan kultur og folkehelse →
- Rapportering på utgåtte tilskotsordningar innan kultur og folkehelse →
- Statistikk over tildelte tilskot til kultur og folkehelse →
- Innspelsrunde for dei nye retningslinjene →

### Utgåtte tilskotsordningar

- Tilskot til vaksenopplæring +
- Tilskot til prosjekt og tiltak – profesjonell kunst og kultur +
- Tilskot til prosjekt og tiltak – frivillig kulturliv +
- Kulturelt utviklingsprogram (KUP) +
- Tilskot til regionale ungdomsparti +
- Tilskot til utvikling av lokal frivilligpolitikk +

Vestland fylkeskommune

# Søknadsfristar

**2026:**

- 15. april: driftstilskot + regionalt kulturfond
- 30. april: Resten av ordningane unnateke stipend

**Tre hovudfristar frå 2027:**

- 1. februar
- 1. april
- 1. november

**Unnatak – ordningar med statlege føringar:**

- 15. januar: Investering - Spelemidlar ordinære anlegg
- 1. desember: Nyskaping - Friluftsaktivitet og Investering - Statleg sikra friluftsområde

# Alt endrar seg ikkje

Merk: Desse ordningane kan ha eigne søknadsfristar

- Nokre ordningar held fram som før
- Gjeld i all hovudsak ordningar med statlege føringar og finansiering
- For eksempel: *spelemidlar til ordinære idretts- og friluftsanlegg, tilskot til konservering av ruinar frå mellomalderen* eller *tilskot til friluftsaktivitet*

- *"Kultur bygger samfunn"*
  *Regional plan for kultur 2023 - 2035*



Vestland fylkeskommune

# Driftstilskot til kultur og folkehelse

Ingve Lende, spesialkonsulent kulturutvikling

# Driftstilskot til kultur og folkehelse

Kontaktpersonar

### Irene Fredheim Kronen
kontaktperson for spørsmål om utbetaling av tilskot
- Ring 57992351
- Send e-post

### Marianne Ose Askvik
for spørsmål om bransjeutvikling og profesjonelt kulturliv
- Ring 57 99 23 44
- Send e-post

### Åge Avedal
for spørsmål om frivillig kulturliv, barne- og ungdomsorganisasjonar, ungdomsparti og studieforbund
- Ring 97 07 27 34
- Send e-post

### Eva Kristin Svidal
for spørsmål om profesjonelt kulturliv
- Ring 47 48 11 81
- Send e-post

### Ida Areklett Garmann
for spørsmål om kulturarv
- Ring 48 03 67 21
- Send e-post

### Britt Karen Spjeld
for spørsmål om idrett og friluftsliv
- Ring 45 66 63 26
- Send e-post

# Driftstilskot til kultur og folkehelse

**Tidlegare ordningar samla i driftstilskot til kultur og folkehelse**

- Driftstilskot kultur, idrett og inkludering
- Driftstilskot til regionale og nasjonale kulturminne i Vestland
- Tilskot til regionalparkar
- Drift av regionale barne- og ungdomsorganisasjonar
- Tilskot til regionale ungdomsparti
- Tilskot til vaksenopplæring

Søknadsfrist
15. april

# Driftstilskot til kultur og folkehelse

**Føremål:**

Tilskotsordninga skal bygge opp under visjonen «Kultur bygger samfunn» i Regional plan for kultur 2023–2035.

Driftstilskot er eit langsiktig og strategisk verkemiddel. Tilskotsordninga skal støtte aktørar til å drive verksemd eller utføre oppgåver i tråd med regionale eller nasjonale interesser som fylkeskommunen har eit ansvar for. Ordninga skal støtte opp om eit aktivt, inkluderande og allsidig sivilsamfunn i fylket. Ordninga skal fremme deltaking, engasjement, ansvar og vidareføring av felles verdiar innan kunst, kultur, kulturarv, idrett, friluftsliv, folkehelse, demokrati og samfunnsdeltaking.

# Driftstilskot til kultur og folkehelse

**Tilskotsmidlane skal**

- bidra til drift av organisasjonar og institusjonar som har sterk og tydeleg verdi for føremålet med ordninga i heile eller store delar av Vestland
- støtte aktørar som driv verksemd av regional eller nasjonal interesse som fylkeskommunen har eit særleg ansvar for
- bidra til at alle skal ha moglegheit til å delta, engasjere seg og ta ansvar i samfunns- og organisasjonslivet
- styrke arbeidet med demokratiopplæring og organisasjonsopplæring for barn og ungdom
- stimulere til frivillig innsats for vern, vidareføring, formidling og bruk av faste kulturminne, kulturmiljø og landskap av regional og nasjonal verdi.
- støtte opplæringsverksemd gjennom regionale studieforbund

# Driftstilskot til kultur og folkehelse

**Tre støttekategoriar:**

- Kategori 1: organisasjonar med særleg regional eller nasjonal verdi
- Kategori 2: frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar
- Kategori 3: studieforbund og regionale politiske ungdomsorganisasjonar

*Merk av kategorien du søkjer på i søknadsskjema.*

- Tilskot i kategori 1 blir fordelt av hovudutval for kultur, idrett og inkludering i januar påfølgande år, etter at fylkestinget har vedtatt årsbudsjettet.
- Tilskot i kategori 2 og 3 blir tildelt av hovudutvalet innan 3 månader etter søknadsfrist.




Foto: Birthe Johanne Finstad / Vestland fylkeskommune

# Driftstilskot til kultur og folkehelse

**Rapportering:**

- Kategori 1 (organisasjonar med særleg regional eller nasjonal verdi) sender inn rapport saman med årsmelding og rekneskap **innan 1. juni.**
- Kategori 2 og 3 (barne- og ungdomsorganisasjonar, studieforbund og ungdomsorganisasjonar) legg ved årsmelding, rekneskap, budsjett og vedtekter **saman med søknaden.**

Vestland fylkeskommune

# Regionalt kulturfond Vestland

Gunn Opdahl, seniorrådgjevar kulturutvikling

# Regionalt kulturfond Vestland

Kontaktpersonar

### Gunn Opdahl

for generelle spørsmål om ordninga

- Ring 57 99 23 27
- Send e-post

### Eva Kristin Svidal

for spørsmål om profesjonelt kulturliv

- Ring 47 48 11 81
- Send e-post

### Ida Areklett Garmann

for spørsmål om kulturarv

- Ring 48 03 67 21
- Send e-post

### Marianne Ose Askvik

for spørsmål om bransjeutvikling og profesjonelt kulturliv

- Ring 57 99 23 44
- Send e-post

### Åge Avedal

for spørsmål som gjeld frivillig kulturliv

- Ring 97 07 27 34
- Send e-post

### Simen Lagesen Krogstie

for spørsmål om profesjonell kulturformidling til personar over 67 år

- Ring 97 07 21 96
- Send e-post

### Sigrid Furnes

for spørsmål om bibliotekutvikling

- Ring 90 97 39 41
- Send e-post

# Regionalt kulturfond Vestland

**Tidlegare ordningar som er samla i den nye ordninga:**

- Regionalt kulturfond Vestland
- Tilskot til prosjekt og tiltak – profesjonell kunst og kultur
- Tilskot til prosjekt og tiltak – frivillig kulturliv
- Kulturelt utviklingsprogram (KUP)
- Regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar
- Tilskot til prosjekt og kompetanseheving i folkebiblioteka
- Den kulturelle spaserstokken

Søknadsfrist
15. april

# Regionalt kulturfond Vestland

**Føremål:**

Tilskotsordninga Regionalt kulturfond Vestland skal bidra til gode lokalsamfunn og eit ope, inkluderande og mangfaldig kulturliv i heile Vestland. Ordninga skal bygge opp under visjonen «Kultur bygger samfunn» og hovudmålet «alle skal kunne delta, oppleve og skape» i Regional plan for kultur 2023–2035.

Tilskotsmidlane skal

- **stimulere til auka aktivitet og deltaking i kulturlivet**
- **styrke samspel mellom profesjonelt og frivillig kulturliv**
- **forsterke lokal og regional kulturfrivilligheit**
- **bidra til auka kvalitet på kunst- og kulturtilbodet lokalt og regionalt**

Retningslinjene er utforma i samsvar med Forskrift om regionale kulturfond, fastsett av Kultur- og likestillingsdepartementet.

# Regionalt kulturfond Vestland

**Prioriteringar i ordninga:**

1. prosjekt som bidrar til eit nyskapande og utforskande kulturliv
2. prosjekt som styrkar nettverk, kunnskap og/eller mangfald
3. prosjekt som bidrar til kunst- og kulturformidling og/eller som utviklar eller styrkar felles løysingar og samarbeid mellom aktørar i ulike delar av fylket
4. prosjekt som utviklar og styrker kulturelle og kreative næringar gjennom kompetanseheving, nettverksbygging eller tenesteutvikling
5. prosjekt i regi av folkebibliotek som fører til kompetanseheving av bibliotektilsette, utvida tilbod og betre tenester for publikum, og som er nyskapande eller nytt i det aktuelle biblioteket
6. prosjekt som legg til rette for profesjonell kulturformidling til personar over 67 år, med særleg prioritering av einslege heimebuande og institusjonsbuande (tidlegare Den kulturelle spaserstokken)

# Regionalt kulturfond Vestland

**Tre støttekategoriar:**

1. 10 000 – 100 000 kr: mindre prosjekt med kort planleggingshorisont
2. 100 000 – 300 000 kr: større krav til relevans for kulturlivet i Vestland
3. 300 000 – 1,5 mill. kr: særleg store krav til relevans for kulturlivet i Vestland

Prosjekt må ha oppstart i 2026. Unntak for DKSS.

Det er mogleg å søkje om støtte til eittårige prosjekt. Unntak for prioritering 1 og 2, som kan få støtte i opptil tre år.



Foto: Thomas Frøyen

Vestland fylkeskommune

# Tilskot til livskvalitet og sosial utjamning

Babek Aanesen Hosami, seniorrådgjevar fysisk aktivitet og inkludering

# Tilskot til livskvalitet og sosial utjamning

Kontaktpersonar


### Sarah Jane Anderson

seniorrådgjevar

- Send e-post

### Ingelin Malene Malkenes

rådgjevar - folkehelse og integrering

- Ring 48257365
- Send e-post

### Thea Christiansen Mandt

seniorrådgjevar, folkehelse

- Ring 90 04 30 11
- Send e-post

### Babek Aanesen Hosami

seniorrådgjevar - folkehelse og integrering

- Send e-post

# Tilskot til livskvalitet og sosial utjamning

**Tidlegare ordningar som er samla i den nye:**

- Tilskot til inkluderings- og integreringsfremjande tiltak
- Tilskot til ABC for god psykisk helse
- Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for barn og ungdom, unge vaksne og eldre

Søknadsfrist
30. april

# Tilskot til livskvalitet og sosial utjamning

**Føremål:**

Ordninga skal bygge opp under målet – Vestland er eit inkluderande fylke med trygge, attraktive og livskraftige lokalsamfunn i heile fylket og strategi 6 "Vestland skal styrke innsatsen for å redusere sosial ulikskap og utvikle eit mangfaldig og inkluderande samfunn" i Utviklingsplanen 2024-2028.

Målet med tilskotsordninga er å betre livskvaliteten, styrke deltakinga i samfunnet og fremje sosial inkludering og integrering for innbyggarane i Vestland. Ordninga skal og bidra til at fleire kan vere med i fellesskapet.

Tilskotsordninga skal

- bidra til betre integrering og inkludering
- bygge ned barrierar som stenger for brei samfunnsdeltaking
- stimulere til variasjon og mangfald i tilbod og aktivitetar
- legge til rette for meiningsfull aktivitet og lågterskel deltaking
- bidra til fellesskap og styrke livskvalitet og psykisk helse

# Tilskot til livskvalitet og sosial utjamning

**Prioriteringar i ordninga – dette støttar vi:**

- prosjekt og tiltak som gjer det enklare for målgruppa å vere aktive i lokalmiljøa
- tiltak som stimulerer til at ein gjer noko aktivt og meiningsfullt saman. Med aktivitet meiner vi både å vere fysisk, mentalt og sosialt aktiv.
- tiltak som bidrar til nedbygging av barrierar for deltaking
- tiltak og prosjekt som har regional verdi (til dømes overføringsverdi, regionalt nedslagsfelt og regionalt samarbeid)

*Døme på tiltak: Arrangement, aktivitetar, møteplassar, rekruttering av nye deltakarar og målgrupper.*



Foto: Julia Farsund Storvik / Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune

# Tilskot til kartlegging og tilrettelegging for friluftsliv

Anders Søyland, seniorrådgjevar fysisk aktivitet og inkludering

# Kartlegging og tilrettelegging for friluftsliv

**Tidlegare ordningar som er samla i den nye:**

- Tilskot til ro- og padleruter
- Tilskot til etablering av nye friluftsråd
- Tilskot til plan for friluftslivets ferdselsåre

Søknadsfrist
30. april

Anders Søyland
seniorrådgjevar
▸ Ring 40 42 76 71
▸ Send e-post

Kontaktperson

# Kartlegging og tilrettelegging for friluftsliv

**Føremål:**

Tilskotsordninga skal bidra til å styrke kunnskapsgrunnlaget om friluftslivets ferdselsårer i Vestland. Ordninga skal senke tersklane for å delta i friluftslivet gjennom berekraftig forvaltning og tilrettelegging. Det skal vere enkelt for alle å ta del i helsefremjande friluftslivsaktivitetar, både på land og på sjøen.

Ordninga skal bygge opp under visjonen «Kultur bygger samfunn» og hovudmålet «alle skal kunne delta, oppleve og skape» i Regional plan for kultur 2023–2035.

**Søkarar:** Kommunar og friluftsråd



Foto: Julia Farsund Storvik / Vestland fylkeskommune

# Kartlegging og tilrettelegging for friluftsliv

**Du kan søke om tilskot til**

- kartlegging, gradering og tilrettelegging for ro- og padleruter
- prosessarbeid for å opprette nye friluftsråd eller utviding av eksisterande friluftsråd
- gjennomføring av tiltak i kommunale planar for friluftslivets ferdselsårer og til arbeid med plan for friluftslivets ferdselsårer

*Du kan sende inn ein søknad per tiltak.*




Foto: Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune

# Tilskot til nasjonale og internasjonale idrettsarrangement og arenaer

Rune Åland, seniorrådgjevar fysisk aktivitet og inkludering

# Nasjonale og internasjonale idrettsarrangement og arenaer

**Tidlegare ordningar som er samla i den nye:**

- Investeringstilskot til større idrettsanlegg
- Arrangementstilskot til større nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap

Søknadsfrist 30. april

Rune Åland
For spørsmål om arrangement
>Ring 48 89 40 12
› Send e-post

Stine Emilie Konradsen
For spørsmål om arenaer
›Ring 57 99 21 69
> Send e-post

Kontaktpersonar

# Nasjonale og internasjonale idrettsarrangement og arenaer

**Føremål:**

Tilskotsordninga skal bidra til at aktørar i Vestland blir tildelt berekraftige nasjonale og/eller internasjonale idrettsarrangement. Med berekraft meiner vi miljømessig-, økonomisk- og sosial berekraft.

Tilskotsordninga kan gje økonomisk støtte til

- idrettsarrangement av nasjonal og internasjonal karakter som gjev samfunnsverdi, inkludering og synleggjering av idretten i Vestland
- etablering, utvikling og oppgradering av anlegg som legg til rette for gjennomføring av nasjonale og/eller internasjonale idrettsarrangement

# Nasjonale og internasjonale idrettsarrangement og arenaer

**Dette støttar vi:**

- investeringstilskot til store kostnadskrevjande idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi, der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale arrangement
- bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet som har særleg fokus på berekraft, nyskaping og innovative løysinga
- støtte til gjennomføring av idrettsarrangement med minimum nasjonalt nedslagsfelt og minimum juniornivå (frå 16 år)



Foto: Julia Farsund Storvik / Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune

# Investeringstilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar

Åge Avedal, seniorrådgjevar kulturutvikling

# Kulturarenaer med regionale funksjonar

### Åge Avedal

for generelle spørsmål om ordninga

- Ring 97 07 27 34
- Send e-post

### Ida Areklett Garmann

for spørsmål om tilskot til istandsetting av bygg ved dei konsoliderte musea

- Ring 48 03 67 21
- Send e-post

**Kontaktpersonar**

### Berit Alise Høivik

for spørsmål om tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne

- Ring 95801708
- Send e-post

### Anja Angelskår Mjelde

for spørsmål om tilskot til arenautvikling i folkebibliotek

- Ring 57 63 79 57
- Send e-post

### Sigrid Furnes

seniorrådgjevar

- Ring 90 97 39 41
- Send e-post

# Kulturarenaer med regionale funksjonar

**Tidlegare ordningar som er samla i den nye:**

- Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar
- Museumsløft
- Tilskot til verna kulturminne
- Tilskot arenautvikling folkebibliotek

Søknadsfrist
30. april

# Kulturarenaer med regionale funksjonar

**Føremål:**

Tilskotsordninga skal bidra til utvikling av kulturarenaer med regionale funksjonar og verdi. Midlane kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering av arenaer for kultur og til istandsetting av verneverdige kulturminne.

Tilskotsordninga skal styrke den regionale infrastrukturen for kultur, og gje betre tilgang til kulturtilbod i heile fylket. Ordninga skal leggje til rette for tilgjengelege og framtidsretta kulturarenaer med nedslagsfelt utover kommunegrensene.

Tilskota skal

- styrke og vidareutvikle kulturarenaer med regionale funksjonar
- støtte istandsetting av kulturhistoriske bygg forvalta av dei konsoliderte musea i fylket
- støtte istandsetting av verneverdige kulturminne etter prioritering frå kommunane
- støtte arenautvikling i folkebiblioteka, som grunnlag for moderne bibliotektenester i heile fylket

# Tre støttekategoriar:

1. **Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar** med verdi, storleik og nedslagsfelt som dekker behov utover kommunegrenser, eventuelt også fylkesgrenser. Tilskotet kan nyttast til nybygg, ombygging og modernisering.
2. **Tilskot til istandsetting** av kulturhistoriske bygg forvalta av dei konsoliderte musea i fylket, og til istandsetting av verneverdige kulturminne prioritert av kommunane. Godkjente søkarar er museumsstiftingar (til kulturhistoriske bygg) eller kommunar / eigarar av kulturminne (til verneverdige kulturminne).
   - For sistnemnde søkarar, skal kulturminna vere regulert til bevaring/omsynssone, vern eller vurdert av fylkeskommunen til å ha høg regional verdi. Eigar av kulturminnet søkjer kommunen, som sender felles søknad til fylket med prioritering mellom søkjarane.
3. **Tilskot til arenautvikling folkebibliotek** for oppgradering og utvikling av heile eller deler av biblioteklokalet for å skape funksjonelle, tilgjengelege og innbydande bibliotek. Investering i mobile einingar, både bokbussar og mindre mobile einingar. Godkjente søkarar er kommunar.

*Tilskot i kategori 1 blir fordelt av hovudutval for kultur, idrett og inkludering i januar påfølgande år, etter at fylkestinget har vedtatt årsbudsjettet.*

*Tilskot i kategori 2 og 3 blir tildelt av hovudutvalet innan 3 månader etter søknadsfrist.*

Vestland fylkeskommune

# Stipend kultur og idrett

Eva Kristin Svidal, seniorrådgjevar kulturutvikling

Rune Åland, seniorrådgjevar fysisk aktivitet og inkludering

# Stipend kultur og idrett

Legge til rette for at utøvarar og aktørar innan

- kunst
- idrett
- immateriell og handlingsboren kulturarv

kan bidra til eit nyskapande, utviklande og mangfaldig kulturliv.

Gje utøvarar høve til å utvikle sitt virke i fylket.



Kristin Austreid fekk kunstnarstipend frå Vestland fylkeskommune i 2023. Bildet er frå utstillinga "Dag for natt". (Foto: Kunstnerforbundet)

# Stipend kultur og idrett

5 stipendkategoriar

- Kunstnarstipend
  - Vidareført som stipendkategori

- Nynorskstipend
  - Vidareført som stipendkategori
  - Endra frå nominasjon til søknad
  - Forlag og institusjonar kan søkje på vegne av kandidatar

- Stipend for levande tradisjon
  - Tidlegare folkemusikkstipend og utviklingsstipend i tradisjonshandverk

- Utviklingsstipend for e-sportutøvarar
  - Vidareført som stipendkategori

- Utviklingsstipend for idrettsutøvarar
  - Vidareført som stipendkategori

# Stipend kultur og idrett

Søknadsfristar
1. juni / 1. oktober

## Søknadsfrist 1. juni 2026 for:

- kunstnarstipend
- nynorskstipend
- stipend for levande tradisjon

## Søknadsfrist 1. oktober 2026 for:

- utviklingsstipend for e-sportutøvarar
- utviklingsstipend for idrettsutøvarar

Søknadsfristar kan bli endra frå 2027.

## Vurdering

Felles kriterium og i tillegg kriterium for kvar stipendkategori.

Fagkomitear innstiller kandidatar til stipend.

Direktør for kultur og folkehelse gjer vedtak om tildeling.

# Stipend kultur og idrett




Frå utdeling av utviklingsstipend for e-sportutøvarar 2024.
Foto: Andreas C. Kjærland / Vestland fylkeskommune

## Eva Kristin Svidal

For spørsmål om kunstnarstipendet, nynorskstipend og stipend for levande tradisjon

- Ring 47 48 11 81
- Send e-post

Kontaktpersonar

## Rune Åland

For spørsmål om idrettsstipenda

- Ring 48 89 40 12
- Send e-post

# Kva skjer med tilskotsordningane vidare?

Vestland
fylkeskommune

# Statistikk over tildelte tilskot



Startside → Kultur → Tilskot til kultur og folkehelse

## Tilskot til kultur og folkehelse

Tilskotsordningar innan kultur og folkehelse er delte inn i kategoriane drift, nyskaping og investering. Drift er for støtte til løpande drift og aktivitet. Nyskaping er til tidsavgrensa prosjekt, som utviklar eller testar nye idear, tilbod eller samarbeidsmåtar. Prosjekta varer vanlegvis mellom eitt og tre år. Investering gjeld langsiktige investeringar i til dømes bygg og anlegg. Tiltaka skal gje varige verdiar over 5–20 år eller lenger.

Webinar: Nye tilskotsordningar innan kultur og folkehelse →

Rapportering på utgåtte tilskotsordningar innan kultur og folkehelse →

Statistikk over tildelte tilskot til kultur og folkehelse →

Innspelsrunde for dei nye retningslinjene →



# Vidare arbeid

**Mars 2026**

- Vedtak
- Utlysing av midlar frå 15. mars

**Vår 2026**

- Testing av nye rutinar
- Tildeling før sommaren for fleire ordningar

**Løpande i 2026**

- Erfaringspanel med søkarar
- Dialog om funksjon og innretting
- Evaluering og justering

**2027**

- Full implementering
- Nasjonal tilskotsportal

# Spørsmål...
# ...og svar

Vestland
fylkeskommune